

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 13.03.2016
FRÅ: Administrerende direktør

SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 08.02.16 - 13.03.16**

ARKIVSAK: 2016/2463
STYRESAK: 042/16

STYREMØTE: 05.04. 2016

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Oversikt over aktuelle lover i perioden 08.02.16 – 13.03.16

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endringa gjeld
Ingen nye saker i perioden.		

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 08.02.16 – 13.03.16

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endringa gjeld
Endring i forskrift om godtgjering av utgifter til helsehjelp som blir utført poliklinisk mv.	09.02.16	Det er innført ein poliklinikktafst (P31) som under gitte føresetnader kan bli nytta når vaksne rus og/eller psykiatripasientar har gjennomført eit heilskapleg nettbasert behandlingsprogram. Endringar tok til å gjelde frå 05.02.16.

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 08.02.16 – 13.03.16

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Tolkingsuttale frå lovavdelinga i Justisdepartementet.	17.02.16	Helse- og omsorgsdepartementet bad lovavdeling i 2014 om å vurdere om abortlova opnar for fosterreduksjon av friske fostre ved fleirlinesvangerskap (svangerskap med to eller fleire fostre).

<p>Tolking av abortlova § 2.</p>		<p>Lovavdelinga har kome til at abortlova opnar for dette, innanfor dei rammer som loven elles stiller opp. Det inneberer at det er rettslig adgang til å innvilge fosterreduksjon på friske fostre på grunnlag av kvinna si helse eller kvinna si livssituasjon eller en kombinasjon av desse forholda.</p> <p>Lovavdelinga si tolking byggjer på ein føresetnad om at fosterreduksjon blir gjort slik at valet av foster skjer tilfeldig, og at det ikkje skjer nokon seleksjon mellom foster på anna grunnlag enn det abortlova opnar for.</p>
----------------------------------	--	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------